


Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Sakshandsamar:** Finn Owen Meling  
**Telefon direkte:** 45427874  
**Dato:** 23.02.2022  
**Referanse:** 22/04452-2

## Høring - søknad om fornya konsesjon for Hallingdal helikopterplass, Torpomoen

Torpomoen Eigedom AS (org 985590958) har sendt ein søknad til Luftfartstilsynet om fornya konsesjon for å driva og inneha Hallingdal helikopterplass, Torpomoen.

Det vart gitt konsesjon for landingsplassen første gong i 2012, og denne konsesjonen varer fram til 3. juli 2022. Landingsplassen ligg på Torpomoen, knappe 10 kilometer aust for Ål sentrum, som vist på kartet nedanfor.



## 1. Nærare om søknaden

Torpomoen Eigedom AS skriv i søknaden at landingsplassen primært skal verta nytta til luftfart med direkte tilknytning til Stiftelsen Norsk Luftambulansse sitt utviklingscenter på Torpomoen. I tillegg vert landingsplassen nytta som alternativ landingsplass for ambulanshelikopteret stasjonert på luftambulanssebasen på Ål.

Søkjaren ber om at vilkåra knytt til talet på flyrørsler og anna som er gitt i dagens konsesjon, vert vidareført. Gjeldande konsesjon opnar for om lag 1200 flyrørsler pr år.

Søkjaren informerer samtidig om at det i ein periode frå ca. mai 2022 og åtte månader framover er planlagt ei omfattande rehabilitering av luftambulanssebasen på Ål. I denne perioden er det planar om å flytta luftambulanssedrifta midlertidig til Torpomoen. I samband med dette er planen å etablera ein midlertidig bustadmodul i tilknytning til hangaren og landingsplassen på Torpomoen, i samarbeid med Luftambulanssetjenesten HF. Denne bustadmodulen, samt ein garasje, er tenkt plassert bak hangaren, lengre unna landingsplassen. Ein situasjonsplan som viser dette, er vedlagt søknaden.

## 2. Konsesjonsregelverket

Alle som vil starta opp, driva eller ha ein landingsplass skal som hovudregel ha konsesjon, jf. lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartslova) § 7-5 første ledd. Ifølgje luftfartslova § 7-6 skal konsesjon berre bli gitt når det er «forenlig med allmenne hensyn». Det skal bli henta inn fråsegn frå relevante kommunale og andre styresmakter før konsesjon eventuelt blir gitt.

Vilkåret «forenlig med allmenne hensyn» er nærare presisert i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplasser (BSL E 1-1 – heretter konsesjonsforskrifta) § 1 bokstav b, som har slik ordlyd:

*«Formålet med forskriften er:*

*b) Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»*

Det følgjer elles av luftfartslova § 7-7 at konsesjon blir gitt for ei bestemt tid, og på slike vilkår som ein finn grunn til å krevja. Konsesjon for landingsplassar til privat bruk blir som hovudregel gitt for ein periode på 10 år, i samsvar med konsesjonsforskrifta § 15.

## 3. Høyringa

Luftfartstilsynet ber høyringsinstansane om ei vurdering av vidareføring av drifta av landingsplassen på Torpomoen opp mot allmenne omsyn, med særleg vekt på dei omsyna som er tatt inn i konsesjonsforskrifta § 1 bokstav b.

Utanom dei forholda høyringsinstansane eventuelt sjølv ønskjer å ta opp, ber me om at det i fråsegna blir tatt stilling til dei forholda som er framheva i pkt. 3.1 med vidare nedanfor.

### 3.1 Forholdet til kommunal arealplan

Det følgjer av luftfartslova § 7-6 tredje og fjerde ledd at konsesjon som hovudregel ikkje kan bli gitt i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningsloven. Ein kan likevel gi konsesjon i strid med arealplan dersom vedkomande plan- og bygningsstyresmakt samtykker til ferdigbehandling av konsesjonssøknaden.

Luftfartstilsynet forstår det slik at gjeldande reguleringsplan for området er [plan nummer 2008007](#) for Torpomoen rednings- og øvingspark. Utan at det går klårt fram av planen, går Luftfartstilsynet ut i frå at drift av landingsplass kan vera i tråd med reguleringsplanen. Me viser til punkt 1.2 i [reguleringsføresegnene](#), og omtale av aktiviteten i Sone 7, der landingsplassen ligg. Her står det: *«I aktivitetsområdet kan det utvikles og etableres bygg, anlegg og installasjoner for tilrettelegging og gjennomføring av rednings- og øvingsaktiviteter for brann-, politi- og (luft)ambulansetjenesten.»*

Riktig nok ser det ut til at sjølve landingsplassen også vil gripa inn i Sone 5 i reguleringsplanen. Dette området er nemnd i reguleringsføresegnene som område som kan *«utvikles flerfunksjonelt til næring/kontor/tjenesteyting. Det tillates arealbruksformål enkeltvis eller i kombinasjon»*.

Luftfartstilsynet finn det noko uklårt om drift av landingsplass vil vera i strid med omtalen av sone 5. Me legg likevel i utgangspunktet vekt på at førre konsesjon blei gitt etter at reguleringsplanen var vedteken. Dette talar for at landingsplass tidlegare er vurdert å liggja innafor reguleringsføreområdet. Me ser like fullt gjerne at kommunen kommenterer særskilt på dette punktet.

### 3.2 Forholdet til naturmangfaldlova

Ved vurdering av konsesjonssøknaden legg Luftfartstilsynet vekt på lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova), §§ 8 til 12, jf. § 7. Reglane her stiller krav til at forvaltninga skal leggja til grunn visse prinsipp ved utøving av offentleg myndigheit, med føremål å verna naturmangfaldet,.

Luftfartstilsynet er ikkje kjend med naturtilhøve i området som ein burde vera særskilt varsam på i denne samanhengen. Sjølve landingsplassen ligg ved eit etablert og bygd område. Me har likevel gjort eit oppslag i kartoversikta til artsdatabanken. Her er det registrert funn av enkelte fuglearter som har status som «sårbare», mellom anna Granmeis og Gråmåke.

Luftfartstilsynet ser i artsdatabanken at fleire av artane dei siste åra har hatt ei negativ utvikling med omsyn til bærekraftstatus. Me har likevel liten fagkunnskap på området, og ser gjerne at meir kyndige instansar kommenterer særskilt på om det er forhold som tilseier at vidareført konsesjon for landingsplassen på Torpomoen vil kunna ha ein negativ påverknad på utsette fuglar, eller på anna dyreliv eller naturartar.

Søkjaren viser elles til ei miljøutgreiing som var lagt fram i samband med førre konsesjonssøknad. Denne utgreiinga er utforma som ei eigenerklæring i tråd med ein mal som går fram av vegleiinga til konsesjonsforskrifta. Av eigenerklæringa går det fram at søkjaren ser det som lite sannsynleg at etablering av landingsplassen vil få vesentleg innverknad på miljøet, og slik sett naturmangfaldet.

### 3.3 Støy

Når det gjeld støy, så har søkjaren ikkje lagt ved noko ny støyutrekning i samband med søknaden om fornya konsesjon. Dette er heller ikkje eit krav, så lenge det ikkje har skjedd vesentlege endringar i føresetnadane knytt til støy samanlikna med førre konsesjonsrunde, jf. konsesjonsforskrifta [§ 14](#) (1) d).

I søknaden frå førre konsesjonsrunde er det tatt inn ein eigen støyrapport for området. Denne konkluderer med at *ein* fritidsbustad ligg innafor gul støysone.

Luftfartstilsynet vil peika på at støysoner som vert nytta i støyrapporten byggjer på standardiserte retningslinjer, og at det kan bli opplevd belastande støy også utanfor støysonene. Det er også viktig å få fram at støy for omgjevnadane inngår i heilskapsvurderinga av allmenne omsyn, og at støysonene som vert nytta i tråd med retningslinje T-1442 slik sett ikkje legg nokre direkte føringar for om konsesjon vil bli gitt eller ikkje.

Torpomoen Eigedom AS opplyser elles til Luftfartstilsynet at korkje dei som konsesjonshavar eller NLA (luftambulansetenesta) kjenner til støyklagar knytt til landingsplassen.

## 4. Konsesjonsvilkår

Luftfartstilsynet har lagt ved eit utkast til konsesjonsvilkår. Vilkåra byggjer på Luftfartstilsynet sin generelle praksis og mal for vilkår, opplysningar i søknaden og vilkåra i gjeldande konsesjon.

Talet på flyrørsler som er nemnde i utkastet til konsesjonsvilkår vil famna om all aktivitet på landingsplassen. Ramma for trafikkomfanget er absolutt, og er sett til 1200 flyrørsler i året. Dersom det i konsesjonsperioden er aktuelt med eit høgare tal på flyrørsler, må konsesjonen først bli endra.

Me understrekjer at dei vedlagde konsesjonsvilkåra er førebelse utkast, og at desse såleis kan bli endra i etterkant av høyringa, også på grunnlag av mottatte fråsegn i høyringsperioden.

## 5. Høyringsfrist

Me ber om at eventuelle fråsegn til søknaden blir sendt til Luftfartstilsynet innan 27. mai 2022.

Vår dato  
23.02.2022

Vår referanse  
22/04452-2

---

Fråsegn kan bli sendt pr. e-post til: [postmottak@caa.no](mailto:postmottak@caa.no). Merk helst fråsegna med saksnummer 22/04452.

Med unntak av dette høyringsbrevet, blir ikkje dokumenta som inngår i høyringa sende til høyringsinstansane. Alle høyringsdokumenta er tilgjengelege på Luftfartstilsynet sine [heimesider](#).

Kommunen må i samband med høyringa sjølv vurdera om søknaden skal bli lagt ut på lokal kommunal høyring før eventuell fråsegn blir gitt.

Med vennleg helsing

Nina Beate Vindvik  
juridisk direktør  
Direktoratsavdelinga

Finn Owen Meling  
juridisk seniorrådgjevar  
Direktoratsavdelinga

*Dokumentet er elektronisk godkjend og krev derfor ikkje signatur.*

Mottakarliste: Ål kommune, Viken fylkeskommune, Statsforvalteren i Oslo og Viken, Statens vegvesen

Kopi til: Torpomoen Eigedom AS

Vedlegg: Utkast til konsesjonsvilkår; Søknad om fornya konsesjon; Situasjonsplan for midlertidig modulbygg; Søknaden om konsesjon frå 2011; Eigenerklæring om miljøpåverknad